



Grunneigarar

STRANDA KOMMUNE	Saksb.
26 MAI 2020	
Arkivsak	Journalp.

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Silset Berg, 71258517

## Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2020

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegging av naturtypar på din eideom<sup>1</sup>. Kartlegginga vil skje i perioden mai til oktober 2020. Kartlegginga er ein del av kunnskapsløftet for natur som blei vedteke av Stortinget i 2015. Kartlegginga er ei langsigkt, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur. Kartlegginga på din eideom vil bli utført av firmaet Natur og samfunn eller Miljøfaglig utredning på oppdrag frå Miljødirektoratet.**

### Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Målet med kartlegginga er å få på plass god, stadfesta informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltning. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess vil dette kunne bidra til at det vert lettare å ta omsyn til naturen i desse prosessane, i tillegg til å bidra til meir effektivitet og føreseieleghet i prosessane.

Kartlegginga kan også vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

### Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett i instruksen for 2020 som er gjeve ut av Miljødirektoratet. I år skal kartleggingsområda undersøkjast for 109 ulike naturtypar. Dei fleste av desse naturtypane er raudlista i Noreg, medan resten er viktige leveområde for trua og nær trua artar.

Du kan sjå kva område som skal kartleggjast og lese meir om kartlegginga på denne nettsida: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/miljoovervaking-kartlegging/kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>.

Områda som skal kartleggjast kan innehalde både innmark og utmark. Resultata frå kartlegginga vil bli tilgjengeleg for alle via Naturbase våren 2021; <https://kart.naturbase.no/>.

<sup>1</sup> Naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster (hentet fra naturmangfoldloven).



### Korleis skal områda kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system som heiter Natur i Norge (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 109 naturtypane. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar i samsvar med instruksen og ta bilete av naturtypen. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for å identifisere det på eit laboratorium.

Den som kartlegg vil for kvar naturtypeførekomst vurdere tilstanden og naturmangfaldet i førekomsten. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekomsten bli gitt ein kvalitetsklasse. Det finst fem slike klassar; svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

### Kven kan eg kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsloven sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det være behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt med senioringeniør Solveig Silset Berg hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal på e-postadressa [fmmrsobe@fylkesmannen.no](mailto:fmmrsobe@fylkesmannen.no) eller på telefonnummer 71 25 85 17 før kartlegginga startar opp.

Med helsing

Astrid Buset (e.f.)  
fagleiar

Solveig Silset Berg  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*